

Kven har ansvar for dette skiltet?

21.03.2016



Leiar i UU Kristian Bringdal håpar på snarleg henting av dette skiltet.

Våren er ei god tid for opprydding. Eit skilt som tidlegare markerte fartsdumpane i Sandavegen, har i lengre tid lege på halv åtte bak informasjonstavla ved Gamleskulen. Slikter er skjemmande for bygda og bør ryddast vekk av dei som eig det. Det er ekstra viktig at bygda er ryddig no til sommarsesongen.

- Kven er det som har ansvar for å henta dette skiltet? spør leiar i Uskedal Utvikling, Kristian O. Bringedal, og håpar at det vert henta av dei ansvarlege med det aller første.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland